

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

Utval: Kontrollutval - Hornindal kommune
Møtedato: 10.02.2014
Møtetid: 10.00
Stad: Smia
Møtenr.: 1/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet

Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

- 01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 02/14 Skriv og meldingar.
- 03/13 Møteplan 2013 for kontrollutvalet.
- 04/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.
- 05/13 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap..
- 06/13 Oppfølgingsliste 1-2014.
- 07/13 Eventuelt.

Hornindal 04.02.2014

Ola Are Ytrehorn (s)
Leiar


Vidar Øvrébø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/14 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.02.2014	001/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.02.2014	02/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-14 Fylkesmannen sin tilsynsrapport – «Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø», datert 24.12.2011.
- SM 02-14 Fylkesmannen sin tilsynsrapport frå oppfølgingstilsyn - «Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø», datert 24.05.2013.
- SM 03-14 Brev frå Fylkesmannen til Hornindal kommune – «Hornindal kommune - avslutting av tilsyn», datert 27.01.2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 01-14

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

Hornindal kommune – Hornindal skule

24.12.2011

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhald

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	4
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar	4
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll	4
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen	8
3.3 Brukarmedverknad	10
4. Pålegg om endring	12
5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta	13
6. Klage	13
Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon	14
Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjuja	15
Vedlegg 3 Rettslege krav	16

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn i 2010 og 2011 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det felles nasjonale tilsynet 2010/2011 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet i 2010 og 2011 er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet 2010 og 2011.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane datert 08.06.2011
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 12.09.2011
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 08.06.2011 og e-post 22.09.2011
- Formøte/opningsmøte 04.10.2011
- Intervju/samtalar 03.10 og 04.10.2011
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 24.11.2011
- Sluttmøte 07.12.2011
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 19.12.2011

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i formøtet/opningsmøtet 04.10.2011. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtfærd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sine rettar etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

I skulen si tilstandsvurdering går det fram at skulen/leiinga/personalet har brukt mykje tid og energi på personalmessig organisasjonsutvikling og omstillingsarbeid siste åra. Skulen skriv m.a.: "Dette har teke ein del fokus/ressursar som ideelt sett burde ha vore sett inn på m.a. arbeid med rutinar."

Straks før tilsynet var det rektorskifte på skulen.

I samband med Hornindal skule sitt førebyggjande arbeid og internkontroll, har Fylkesmannen har fokus på følgjande:

Kan skulen dokumentere korleis ein jobbar med det førebyggjande arbeidet?

- Skulen har innført Kvalitetslosen. Dette er eit verktøy som inneheld prosedyrar og rutinebeskrivingar samt å kunne melde avvik. Skulen skriv i si tilstandsvurdering at ein er i ferd med å legge inn m.a. skriftlege rutinar og at alle tilsette skal ha tilgang til verktøyet. Fylkesmannen har fått tilsendt tre prosedyrar¹ som ikkje er ferdigstilte.
- I 2008 innførte skulen Krisepermen² som m.a. inneheld informasjon og rutinar ved t.d. mobbing. Permen er tilgjengeleg for dei tilsette på kontor/personalrom. Skulen skriv i si tilstandsvurdering m.a. at denne "må aktiviserast meir som sentralt reiskap i dagleg bruk (...)"
- I skulen si tilstandsvurdering går det fram at skulen ikkje har noko offisielt anti-mobbeprogram som t.d. Zero eller Olweus. Tidlegare hadde skulen plan mot mobbing og handlingsplan mot mobbing. Under intervju kjem det fram at desse planane er erstatta med innhaldet i Krisepermen.
- Skulen har i år innført ordning med trivselsleiarar gjennom Trivselsprogrammet. Elevar som er trivselsleiarar legg til rette for aktiviteter i friminutta.
- Dei tilsette ved skulen nyttar gule vestar under inspeksjon i friminutta.
- Det er utarbeidd eit oversyn som syner reglar som dei tilsette ved skulen skal kjenne til og skal handheve. Reglane gjeld m.a. tidspunkt for opning av dører, rydding av klasserom, kontakt mellom elevar og vaksne i friminutt, bruk av ulike areal (klasserom/gangar) og regel om busstransport til Stryn.
- Skulen har utarbeidd eigne reglar for ungdomssteget, m.a. bruk av datamaskiner, bruk av mobiltelefon, bruk av areal (klasserom/gangar), busstransport.
- Skulen skriv i si tilstandsvurdering at sosiallærafunksjonen ved skulen er styrka for å "arbeide proaktivt med miljøet".
- Skulen sin utviklingsplan for 2010-2012³ er omtalt i skulen si tilstandsvurdering og det er peika på at klasseleiing er sentralt i høve å skape og oppretthalde eit godt miljø. Lærarar på ungdomssteget ved skulen er med i eit klasseleingsprosjekt (Nordfjordsamarbeid) der PPT inngår som rettleiar.
- Skulen har utarbeidd eit årshjul som inneheld tiltak, ansvar og tid t.d. gjennomgang av ordensreglar, konstituering av råd/utval, elevsamtalar, fadderordning, kontaktmøte.

¹ 1.Samarbeid heim-skule, 2. Skulemiljø – elevar sitt fysiske miljø og 3 Skulemiljø – råd og utval i grunnskulen

² Utarbeidd av Personalomsorg AS

³ Fylkesmannen har ikkje motteke denne i samband med tilsynet, men planen ligg på skulen si heimeside

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- For skuleåret 2011/2012 har skulen under arbeid eit informasjonshefte som inneheld diverse informasjon om t.d. klasseforeldremøte, elev-/foreldrekonferansar, ordensreglar, informasjon om elevane si "arbeidsmiljølov", samarbeid mellom skule-heim, SU/FAU. Heftet skal delast ut til foreldra.
- I skulen si tilstandsvurdering går det fram at skulen er representert i folkehelserådet og tverretatleg gruppe i kommunen som også tek opp forhold som gjeld det psykososiale miljøet.
- Skulen har ein eigen personalperm som inneheld årshjul, inspeksjonsliste, skulerute, samarbeid heim-skule, ordensreglement og sjekkliste for nytilsette. Permen vert oppdatert kvart år.
- Skulen har rutine for samarbeid med skulehelsetenesta. Då det ikkje er plass til kontor på skulen i byggetida, har helsesøster for tida ikkje fast kontortid på skulen. Men ved behov eller dersom elevar tek kontakt, vert det avtalt time på helsestasjonen.
- Det er etablert skulehelseteam for kvar klasse som ofte har møte om hausten. Der deltek rektor, kontaktlærer, pedagogisk-psykologisk teneste (ppt), helsesøster og ved behov barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (bup) og barnevern.

Har skulen sett seg skriftlege mål for skulemiljøet?

- I skulen si tilstandsvurdering skriv rektor at det ikkje er skriftleggjort konkrete mål for det psykososiale miljøet på skulen, men det er likevel forventningar om at skulen skal ha eit trygt og mobbefritt miljø der alle skal trivast.

Kan skulen dokumentere korleis ein evaluerer arbeidet med skulemiljøet?

- Når det gjeld elevsamtalane, har skulen lagt opp til følgjande rekkefølge: først kontaktmøte, deretter elevsamtale og halvårsvurdering. Halvårsvurderingane vert følgt opp på teamet eller i planmøte på våren og hausten.
- Resultat frå Elevundersøkinga vert drøfta i team eller på planmøte.

Kan skulen dokumentere korleis dei skaffar seg kjennskap til den einskilde elev si oppleving av skulemiljøet?

- Skulen gjennomfører Elevundersøkinga og har to kontaktmøte (elev-foreldre-lærer) og to elevsamtalar per år. Det er utarbeidd eige skjema og informasjon om elevsamtale.
- I skulen sitt samleskjema for kvar klasse vil også resultat frå enkeltelevar kome fram.
- Skulen har skriftlege rutinar for inspeksjon der det skal vere tre vakter i friminutta.
- I oversyn som syner reglar som dei tilsette ved skulen skal kjenne til og skal handheve, går det fram at tilsette skal ha fokus på kontakt mellom elevar og vaksne i friminutta.

Kan skulen dokumentere korleis ein følgjer opp observasjonar som er gjort gjennom kartlegging/observasjonar/samtalar?

- Alle tilsette har tilgang til Krisepermen som inneheld informasjon og planar om t.d. mobbing. Men rutinane er lite kjende blant dei tilsette.
- Skulen har utarbeidd eit eige samleskjema for kvar klasse der ein m.a. har fokus på elevane sin trivsel. Resultata frå samleskjemaet og resultat frå Elevundersøkinga vert drøfta i team eller på planmøte.
- Utover rutinane som finst i Krisepermen, har ikkje skulen utarbeidd rutinar som syner korleis skulen følgjer opp observasjonar. Forholdet vert også stadfesta gjennom intervju.

Er det klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande arbeidet?

- Skulen har utarbeidd eit årshjul som inneheld ansvar for tiltak under førebyggjande arbeid t.d. gjennomgang av ordensreglar, konstituering av råd/utval, elevsamtalar, fadderordning, kontaktmøte.
- Skulen har utarbeidd instruks for sosiallærafunksjonen, men p.g.a. sjukdom det siste året har ikkje ordninga fungert slik den var tenkt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Er skuleleiinga involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet?

- Leiinga har fellesmøte/møtetider der ein kan ta opp t.d. reglar/rutinar.
- Leiinga gjer seg kjent med det daglege skulemiljøarbeidet gjennom møte, og ved å vere til stades.
- Gjennom intervju kjem det fram at det er lett å ta kontakt med skuleleiinga.

Kan skulen dokumentere korleis dei tilsette, elevane og foreldra vert gjort kjende med kva skulen ser på som krenkjande åtferd ?

- Skulen sitt ordensreglement er frå 2002. Reglementet inneheld i liten grad informasjon om kva skulen ser på som krenkjande åtferd. Råd/utval ved skulen har etterspurt revisjon av ordensreglementet ved fleire høve.
- Når det gjeld arenaer for drøfting av kva skulen reknar som krenkjande åtferd, vert m.a. klasselagsmøte, team og plangrupper nemnd som skulen sine aktuelle drøftingsarenaer.
- Alle klassane har klassereglar som vert laga første veka i skuleåret.
- Gjennom Kvalitetslosen er det utarbeidd prosedyre for samarbeid mellom skule og heim, men prosedyren er ikkje ferdigstilt.
- Tidlegare handlingsplan mot mobbing er no erstatta av Krisepermen, men innhaldet i permen er lite kjent blant dei tilsette.
- Gjennom intervju og dokumentasjon er det ikkje dokumentert at det vert gitt regelmessig informasjon til foreldra om kva skulen ser på som krenkjande åtferd.
- Gjennom intervju kjem det fram at kva som vert rekna som krenkjande åtferd, i stor grad vert praktisert i form av uskrivne reglar. Det er såleis uklart i kva grad reglane vert praktiserte på ein omforeina måte av dei tilsette på skulen.

Tilsynet har fokusert på i kva grad skulen sine planar og rutinar vert etterlevde i praksis og om skulen har dokumentert at planar og rutinar vert evaluerte.

- Framlagde dokument og intervju syner at det ved skulen er ein del manglar i høve skulen sine sentrale planar/ rutinar, dvs. at desse manglar eller ikkje er oppdaterte. Det er såleis vanskeleg å vurdere fullt ut om planar og rutinar vert etterlevde i praksis.
- Det knyter seg følgjeleg også manglar til skulen sin praksis med å evaluere planar og rutinar.
- Skulen har ikkje dokumentert i kva grad råd og utval er involvert i evaluering av planar og rutinar.

Vurdering

Hornindal skule har ikkje ei heilskapleg tilnærming til det førebyggjande arbeidet med elevane sitt skulemiljø.

Skulen har i år innført ordning med trivselsleiarar i friminutta. Klasseleiing er eit prioritert område for lærarane på ungdomstrinnet. Skulen har innført fleire tiltak som gjeld det førebyggjande arbeidet, t.d. bruk av Krisepermen og prosedyrar gjennom Kvalitetslosen. Det som går att i dokumentasjon og intervju er at desse tiltaka anten ikkje blitt følgt skikkeleg opp eller at dei ikkje har kome i gang. Skulen har utarbeidd ei fordeling som syner ansvar for tiltak som gjeld det førebyggjande arbeidet i form av eit årshjul.

Det er ikkje utarbeidd målsetjingar eller strategiar for skulemiljøet ved Hornindal skule. Det er såleis vanskeleg for skulen å dokumentere korleis ein evaluerer dette området.

Når det gjeld skulen sin informasjon om den enkelte eleven, gjennomfører skulen Elevundersøkinga, har to kontaktmøte og to elevsamtalar per år. Skulen nyttar eit skriftleg samleskjema for kvar klasse der kvar elev sitt svar dannar grunnlaget. Skulen har rutinar for inspeksjon i friminutta, dvs. når og kvar. Det er forventning frå skulen at det skal vere fokus på kontakt mellom lærar og elev i friminutta.

Når det gjeld oppfølging av kartlegging/observasjonar/samtalar, har skulen etablert faste klasselagsmøte, team og plangrupper som aktuelle drøftingsarenaer. Når det gjeld oppfølging av hendingar om krenkjande åtferd, har skulen nokre rutinar i Krisepermen. Men rutiane i Krisepermen er i dag lite kjende for dei tilsette. Skulen har etablert få rutinar som gjeld oppfølging av hendingar der det er avdekkja krenkjande åtferd.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Skulen har ein del manglar i høve sentrale planar/ rutinar, dvs. at desse manglar eller ikkje er oppdaterte. Det er heller ikkje dokumentert i kva grad råd og utval er involverte i evaluering av planar og rutinar.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hornindal kommune – Hornindal skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld for det førebyggjande arbeidet og internkontroll.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova oppstiller særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagt å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og vurderingar av det individretta arbeidet baserer seg i stor grad på intervju med tilsette. Samtaler med elevar og foreldre har òg vore ei viktig informasjonskjelde.

Gjennom Kvalitetslosen er det utarbeidd fleire prosedyrar som gjeld skulemiljøet. Prosedyrane er ikkje ferdigstilt.

Er dei tilsette gjort kjent med handlingsplikt si ⁴?

- I skulen si tilstandsvurdering går det fram at dei tilsette er gjort kjent med handlingsplikta gjennom "*repetert info på fellesmøte*".
- Det er også stadfesta igjennom intervju at dei tilsette kjenner til handlingsplikta si.

Undersøker dei tilsette krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap ?

- I skulen si tilstandsvurdering går det m.a. fram at det er forventa at dei tilsette skal vere vakne for avvik og handtere desse raskt.
- Gjennom intervju vert det vist til konkrete døme som syner at dei tilsette undersøker krenkjande åtferd dersom dei har mistanke eller kunnskap om dette.
- Det er også utarbeidd skriftlege rutinar i Krisepermen, men rutinane er lite kjende blant dei tilsette.

Kjenner dei tilsette til innhaldet i handlingsplikta?

- I skulen si tilstandsvurdering og i intervju går det fram at dei tilsette blir minte om handlingsplikta, men utover dette kan ikkje skulen dokumentere korleis innhaldet i

⁴ Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

handlingsplikta vert formidla til dei tilsette. Dette forholdet vert også stadfesta gjennom intervju.

Har skulen rutinar som viser kva ein skal gjere når ein har mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar?

- I skulen si tilstandsvurdering går det fram at skulen ikkje har andre skriftlege rutinar på dette området enn det som står i Krisepermen.
- Gjennom intervju kjem det fram at personalet drøftar dette ofte, men dette er ikkje nedfelt i skriftlege rutinar som dei tilsette kjenner til.

Grip dei tilsette inn ovanfor krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

- Gjennom intervju går det fram at tilsette grip inn når dei får mistanke eller kunnskap, men det er ikkje dokumentert i kva grad dei tilsette på skulen er samde om ein felles terskel for å gripe inn.
- At skulen også manglar t.d. eit oppdatert ordensregelement gjer dette vanskeleg.

Har skulen rutinar for varsling til skuleleiinga, og korleis følgjer leiinga opp varsling?

- I skulen si tilstandsvurdering går det fram at "Skuleleiinga skal raskt varslast ved krenkande åtferd". Skulen har ikkje utarbeidd rutinar for varsling.
- Då skulen manglar rutinar for varsling, er det også vanskeleg å etablere ei felles forståing av kva det skal varslast om.
- Gjennom intervju kjem det likevel fram at det er oversiktlege forhold på skulen og at tilsette varslar leiinga (rektor/inspektør).
- Det er ikkje etablert rutinar for korleis varsling skal følgjast opp av skuleleiinga.

Har skulen rutinar for å fatte enkeltvedtak når ei set i verk tiltak som er av inngripande karakter og bestemmende for eleven sine rettar og plikter?

- I skulen sine ordensreglar står det at skulen skal gjere vedtak ved t.d. bortvising.
- I innsendt dokumentasjon er det ikkje lagt fram slike enkeltvedtak. Gjennom intervju er det også stadfesta at skulen ikkje har fatta slike vedtak.

Vert det fatta enkeltvedtak ved skulen dersom foreldre/elevlar ber om tiltak knytt til skulemiljøet?

- Skulen har ikkje lagt fram vedtak som syner at skulen har fatta vedtak etter oppmoding frå elevlar/foreldre.
- Skulen har lagt ut skjema på skulen sine heimesider ⁵ som skal nyttast i samband med klage på eleven sitt skulemiljø.
- Gjennom intervju kjem det fram at det er uklart om skulen har fått slike oppmodingar. Det er ikkje lagt fram rutinar som gjeld dersom skulen får ei oppmoding.

Vert oppmodingar handsama snarast mogeleg etter at desse har kome til skulen ?

- I skulen si tilstandsvurdering går det m.a. fram at det er forventa at dei tilsette skal vere vakne for avvik og handtere desse raskt.
- Gjennom intervju vert det også stadfesta at oppmodingar vert handtert raskt, men at det kan vere vanskeleg å vurdere kva som er ei oppmoding frå foreldre/elevlar.

Vert foreldre/elevlar informerte om retten til å få enkeltvedtak når dei gjer ei oppmoding til skulen?

- I skulen sitt informasjonshefte for 2011-2012 er det informert om opplæringslova §§ 9a-2 og 9a-3 under punktutvalget Elevane si "arbeidsmiljølov". Heftet er ikkje delt ut til foreldra.

Fattar skulen enkeltvedtak i høve alle oppmodingar dei får?

- Skulen har ikkje fatta enkeltvedtak ved oppmoding. Skulen har ikkje dokumentert om skulen har etablert rutinar ved ev. oppmoding.

⁵ <http://hornindal.skule.no>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Tar skulen i vedtaket stilling til den enkelte elev sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova?

- Då skulen ikkje har lagt fram vedtak, er det vanskeleg å ta stilling til dette.

Blir det opplyst om forvaltningslova sine klagereglar, og er det skissert tiltak i vedtaket?

- Skulen har lagt ut skjema på skulen sine heimesider som skal nyttast i samband med klage på eleven sitt skulemiljø. Skjemaet inneheld eit felt om tiltak, m.a. vurdering og vedtak (innhald, omfang og organisering) og det er opplyst om klageretten (klageinstans og klagefrist).

Vurdering

Fylkesmannen finn at dei tilsette på skulen er kjende med handlingsplikta, jf opplæringslova § 9a-3 andre ledd, men skulen kan ikkje dokumentere korleis innhaldet i handlingsplikta vert formidla til dei tilsette.

Skulen sitt ordensreglement er frå 2002. Det er elles gjennom intervju stadfesta at det er uklart om dei tilsette har etablert ei felles forståing om kva skulen ser på som krenkjande åtferd. Skulen har ikkje gjort dette klart t.d. i skulen sitt ordensreglement. Dei tilsette kjenner i liten grad til rutinar i Krisepermen, og skulen manglar rutinar på viktige område som t.d. varsling/oppfølging av varsling og opplysing om enkeltvedtak ved oppmoding.

Under tilsynet har skulen laga skjema som foreldre skal nytte i samband med klage på eleven sitt skulemiljø. Skjemaet inneheld eit punkt om tiltak, og det er også opplyst om klageretten.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hornindal kommune – Hornindal skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld skulen sitt individuelt retta arbeid.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsløse i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og observasjonar

- Det er oppretta samarbeidsutval, skulemiljøutval, elevråd og foreldreutval ved skulen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Har skulen rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet?

- Skulen har rutinar for involvering av elevane i skulemiljøarbeidet. På ungdomstrinnet er klasseråd fastsett på timeplanen, medan det på mellomtrinnet (5., 6. og 7.klasse) har klasseråd meir etter behov. Det er sosiallæraren som skal ha ansvar for dette.
- Skulen har i år innført ordning med trivselsleiarar gjennom Trivselsprogrammet. Elevar som er trivselsleiarar legg til rette for aktiviteter i friminutta.

Har skulen rutinar for å halde råd og utval orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet?

- På grunn av defekt datamaskin er det ikkje lagt fram referat frå elevrådet, men det er i staden levert inn kopi av innkallingar til elevrådet: 18.10.2010 (mellomtrinnet), 15.11.2010(ungdomssteget), 27.10.2010 (ungdomssteget), 13.12.2010 (ungdomssteget). Av saker som er drøfta er m.a. volleyballturnering, juleball, innebandyturnering, gjennomføring av foreldre/elevkonferansen, dusjforholda, reinhald på do/garderobe.
- Når det gjeld samarbeidsutvalet er det levert inn tre referat: 16.09.2010, 31.01.2011 og 21.09.2011. Referata syner at m.a. følgjande saker har vore drøfta: Oppretting og samansetjing av skulemiljøutval, arbeid med heilskapleg skulekvardag, revisjon av ordensreglement, utfordringar i høve bygging av ny idrettshall.
- Skulemiljøutvalet (SMU) vart konstituert 21.09.2011. Det ligg ikkje referat frå møte i SMU.
- Følgjande referat/vedlegg er levert inn i samband med møte i foreldrearbeidsutvalet (FAU):14.09.2010,31.01.2011 og 18.05.2011. Frå møte i FAU går det fram at m.a. følgjande saker vore drøfta: Klasseleiingsprosjekt, ordensreglement, manifest mot mobbing (ordning med trivselsleiarar), fellesarrangement for elevar, lærarar og foreldre, heimesidene til skulen, styrka vakthald på uteområde i samband med anlegg og heilskapleg skulekvardag.
- Vi merkar oss at elevrepresentanten frå mellomtrinnet ikkje har møtt på alle møta i SU.
- Gjennom intervju og dokumentasjon er det ikkje dokumentert at skulen har rutinar for å halde råd og utval orienterte om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet, jf opplæringslova § 9a-6 andre ledd.

Er det oppretta samarbeidsutval og skulemiljøutval med lovleg samansetjing?

- Utvala er lovleg samansett.

Vert det halde jamlege møte i dei respektive brukarorgana?

- Det er levert inn fire innkallingar til elevrådet hausten 2010 – eitt på mellomtrinnet og tre på ungdomstrinnet. Det er elles stadfesta at elevrådet har jamlege møte.
- Det er levert inn tre referat frå samarbeidsutvalet - eitt frå hausten 2009, eitt frå våren 2011 og eitt frå hausten 2011.
- Skulemiljøutvalet for 2011-2012 vart konstituert i september 2011. Skulen har tidelegare ikkje oppretta skulemiljøutval.

Vurdering

Vi ser samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet som sentrale arenaer med tanke på at skuleleiing her skal kunne gje informasjon om t.d. hendingar, planar og vedtak som er vesentlege for skulemiljøet. God informasjon vil kunne leggje grunnlaget for involvering og engasjement hos foreldre og elevar, dvs. å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Det er krav i opplæringslova om at elevar og foreldre skal ha høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. For å oppnå dette skal dei ulike råd og utvala ved skulen ha høve til å uttale seg om saker som er av betydning for skulemiljøet før endeleg vedtak vert gjort. Både gjennom dokumentasjon og intervju kjem det fram at skulen ikkje har etablert rutinar for å halde råd og utval orienterte om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet.

FAU har i eige skriv (18.05.2011) etterlyst informasjon/status når det gjeld fleire saker som gjeld skulemiljøet. Det går også fram i referat frå samarbeidsutvalet at dette utvalet også har etterlyst informasjon/status i liknande saker. Det er elles ikkje dokumentert at skulen har etablert rutinar for å halde råd og utval orienterte om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Når det gjeld å halde jamlege møte i dei respektive brukarorgana, oppretta skulen ikkje skulemiljøutval (SMU) før hausten 2011. Skulen kan såleis ikkje dokumentere jamlege møte i SMU.

Fylkesmannen sin konklusjon

Hornindal kommune – Hornindal skule har ikkje gode nok rutinar og planar som sikrar brukarmedverknad i tråd med regelverket.

4. Pålegg om endring

På bakgrunn av det som går fram av punkta 3.1- 3.3, gir Fylkesmannen slikt pålegg:

Førebyggjande arbeid og internkontroll - § 9a-4, jf. 9a-3 fyrste ledd

1. Hornindal kommune skal sjå til at Hornindal skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Hornindal kommune må i denne samanhengen sjå til at Hornindal skule:

- a) Etablerer skriftlige rutinar/planer for det førebyggjande skulemiljøarbeidet, herunder at skulen set seg mål og strategiar for skulemiljøarbeidet, rutinar for oppfølging av observasjonar/kartleggingar og at skulen klargjer kva skulen ser på som krenkjande åtferd (ordensreglement).
- b) Gjennomfører rutinane/planane i praksis.
- c) Evaluerer og held ved like planane/rutinane for det førebyggjande arbeidet.
- d) Set dei tilsette i stand til å kunne oppdage og handtere krenkjande åtferd .
- e) Syter for at dei tilsette har ei felles forståing av kvar terskelen går for å varsle/gripe inn etter § 9a-3 andre ledd.
- f) Utarbeider rutinar og instruksar for varsling av krenkjande åtferd etter § 9a-3 andre ledd og lagar rutinar for å følgje opp saker som blir varsla.

Det individuelt retta arbeidet ved skulen, jf § 9a-3 andre ledd og tredje ledd

2. Hornindal kommune skal syte for at dei tilsette ved Hornindal skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap/ mistanke om. Hornindal kommune må i denne samanhengen sjå til at Hornindal skule:

- a) Syter for at dei tilsette kjenner innhaldet i handlingsplikta.
- b) Syter for at skulen etablerer rutinar for kva dei tilsette skal gjere ved mistanke og kunnskap om at ein elev er utsett for krenkjande ord eller handlingar.
- c) Syter for at dei tilsette undersøker, varslar og eventuelt grip inn i samsvar med skulen sine rutinar for dette.

3. Hornindal kommune skal syte for at Hornindal skule handsamar oppmodingar om tiltak ved å fatte enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Hornindal kommune må i denne samanhengen sjå til at Hornindal skule:

- a) Syter for at skulen etablerer rutinar ved oppmodingar frå foreldre/evevar der ein ber om tiltak knytt til skulemiljøet.

Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11

4. Hornindal kommune skal sjå til at Hornindal skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Hornindal kommune må i denne samanhengen sjå til at Hornindal skule:

- a) Syter for at det vert halde jamlege møte i lovpålagde råd og utval, særleg gjeld dette for skulemiljøutvalet.
- b) Syter for at skulen har rutinar som sikrar at råd og utval vert haldne orienterte om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet etter opplæringslova § 9a-6 andre ledd.
- c) Syter for at råda/utvala handsamar saker som gjeld skulemiljøarbeidet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

Tiltak for å rette lovbrota skal setjast i verk med det same.

Hornindal kommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta. Erklæringa skal understøttast med dokumentasjon på at det er utarbeidd tiltak i samsvar med pålegga.

Denne erklæringa og dokumentasjonen skal setje Fylkesmannen i stand til å vurdere om tilsynsobjektet har korrigert dei lovbrota som er avdekka. Fylkesmannen må deretter vurdere om og i kva grad erklæringa og dokumentasjonen skal følgjast opp vidare.

Frist for innsending av slik erklæring er 24.02.2012.

6. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er komen fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Helge Pedersen
(Revisjonsleiar)

Anne Marte Sæle
(revisor)

Frans Jacob Krebs
(revisor)

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervju
3. Rettslege krav

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Hornindal skule	Datert
1	Innsending tilsyn 2011 Hornindal kommune / Hornindal skule	12.09.2011
2	Innsending tilsyn 2011 Hornindal kommune / Hornindal skule (dokumentasjon)	12.09.2011
3	Innsending tilsyn 2011 Hornindal kommune / Hornindal skule (revidert)	14.09.2011
4	Skulemiljø - elevar sitt psykososiale arbeidsmiljø (prosedyre) Kvalitetslosen	07.09.2011
5	Skulemiljø - elevar sitt fysiske miljø (prosedyre) Kvalitetslosen	07.09.2011
6	Samarbeid skule-heim (prosedyre) Kvalitetslosen	07.09.2011
7	Skulemiljø - råd og utval i grunnskolen (prosedyre) Kvalitetslosen	07.09.2011
8	Elevreglar å kjenne til for alle tilsette	27.03.2009
9	Trivselsundersøking - samleskjema vår 2011 (mal og spørsmål)	
10	Ordensreglar for Hornindal skule	06.02.2002
11	Reglar på ungdomstrinnet	
12	Referat møte i samarbeidsutvalet	16.09.2010
13	Referat møte i samarbeidsutvalet	31.01.2011
14	Referat møte i samarbeidsutvalet	21.09.2011
15	Referat frå foreldremøte skulen	01.03.2011
16	Møte i foreldrearbeidsutvalet (FAU)	14.09.2010
17	Møte i FAU (foreldrearbeidsutvalet)	31.01.2011
18	Referat frå møte i FAU	18.05.2011
19	Saker frå FAU som må følgast opp - vedlegg til referat av 18.05.2011	18.05.2011
20	Personalomsorg AS: Omsorg i Skolen kriseperm (Kort presentasjon)	14.09.2011
21	Elevundersøkelsen (2007-2011) 5. kl	13.09.2011
22	Elevundersøkelsen (2007-2011) 7. kl	13.09.2011
23	Elevundersøkelsen (2007-2011) 10 kl	13.09.2011
24	Skuleadministrasjonen i Hornindal. Organisering, stillingar og oppgåver	01.08.2010
25	Personalperm - oversyn over innhald	
26	Hornindal skule 2011-2012 Informasjon (under arbeid)	
27	Årshjul for Hornindal skule 2011-2012	
28	Innkalling elevråd (mellomtrinnet)	18.10.2010
29	Innkalling elevråd (ungdomstrinnet)	15.11.2010
30	Innkalling elevråd (ungdomstrinnet)	27.10.2010
31	Innkalling elevråd (ungdomstrinnet)	13.12.2010
32	Rutinar frå Krisepermen (mobbing)	

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Gro Mikalsen Hundeide	Rektor/skulefagleg ansvarleg	X	X	X
Martha Stensvand	Inspektør	X	X	X
Mary Espe	Helsesøster	X	X	
Lars Helge Hopland	Kontaktlærer (7.kl)	X	X	
Heidun Kittelsen Haugen	Kontaktlærer (8.kl)	X	X	
Sveinung Borgund	Kontaktlærer (10.kl)	X	X	
Anne-Lovise Kirkhorn	Assistent	X	X	

Det er dessutan gjennomført samtalar med representantar for elevrådet og FAU.

Vedlegg 3 Rettslege krav

1 Det førebyggjande arbeidet

§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllast.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutineane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutineane blir følgde

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova⁶ er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

⁶ Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedd.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagt gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "*snarast mogleg*", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "*innan rimeleg tid*", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvalga skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

SM 02-14



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

FRÅ OPPFØLGINGSTILSYN

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT

PSYKOSOSIALE MILJØ

Hornindal kommune

Hornindal skule

2013

Innhald

1. Innleiing	3
2. Felles nasjonalt tilsyn 2010 - 2012	3
3. Oppfølgingstilsyn 2013	3
4. Kontrollområde for oppfølgingstilsynet 2013 på Hornindal skule	4
5. Fylkesmannen si vurdering etter oppfølgingstilsyn 2013	6
6. Varsel om pålegg om endring	9
7. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta	9
8. Klage	10
Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon	11
Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet	12
Vedlegg 3 Rettslege krav	13

1. Innleiing

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

2. Felles nasjonalt tilsyn 2010 - 2012

Tema

Det er gjennomført felles nasjonalt tilsyn (frå 2010) med tema *Skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø*, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Brukarmedverknad, dvs. skulen si plikt til involvering av og samhandling med ulike råd og utval - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Rettslege krav går fram av opplæringslova kapittel 9a og 11, rundskriv Udir-3-2010 og vedlegg til denne tilsynsrapporten, jf. vedlegg 3.

3. Oppfølgingstilsyn 2013

Bakgrunn

Hausten 2011 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med Hornindal kommune og Hornindal skule. Tema for tilsynet var elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og skulen sitt arbeid med å sikre dette, og tilsynet var ein del av det felles nasjonale tilsynet for 2011.

Tilsynsrapporten konkluderer med mange og omfattande brot på regelverket. Det vart gitt 13 pålegg om endring fordelt på alle dei tre hovudområda for tilsynet dvs. førebyggjande arbeid, skulen sitt individretta arbeid og brukarmedverknad.

I tilsynsrapporten krev Fylkesmannen ei skriftleg erklæring frå skuleeigar om at lovbrota er retta og at det er gjort endringar i samsvar med pålegga. Slik tilbakemelding vart innsendt frå Hornindal kommune ultimo februar 2012.

Fylkesmannen responderte på kommunen si tilbakemelding den 21. mai 2012 med slik konklusjon:

«Fylkesmannen ynskjer å følgje opp Hornindal kommune – Hornindal skule i høve skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Vidare oppfølging vil skje gjennom eit eige oppfølgingstilsyn våren 2013. I vårt brev til Hornindal kommune går det fram kva pålegg som vert kontrollerte ved oppfølgingstilsynet.»

Gjennomføring av tilsynet

- Varsel til Hornindal kommune om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen datert 09.01.2013.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå kommunen/skulen datert 15.02.2013.
- Dagsorden for tilsynet i e-post datert 28.02.2013
- Opningsmøte 06.03.2013.
- Intervju/samtalar 5. og 6. mars 2013.
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 22.03.2013.
- Sluttmøte med Hornindal kommune 16.04.2013.

Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 22. april 2013.

4. Kontrollområde for oppfølgingstilsynet 2013 på Hornindal skule

Førebyggjande arbeid ved skulen, § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd

Fylkesmannen sitt pålegg

b) Gjennomfører rutinane/planane i praksis.

Det går fram at ordensreglementet skal leggjast fram for politisk utval den 27.02.2012 og skal deretter bli gjennomgått med dei tilsette på skulen, i kvar klasse og reglementet skal bli lagt ut på skulen sine heimesider.

c) Evaluerer og held ved like planane/rutinane for det førebyggjande arbeidet.

Kommunen har sendt inn skulen sin rutine for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet. Her er det skissert tiltak som viser korleis ein vil evaluere og halde ved like planar og rutinar.

Rektor viser i si tilbakemelding til skulen sin rutine for internkontroll i høve elevane sitt psykososiale miljø. Rektor vil ha ein samtale med kontaktlærer minimum to gonger for året når dei obligatoriske elevsamtalane og foreldresamtalane er gjennomførte.

d) Set dei tilsette i stand til å kunne oppdage og handtere krenkjande åtferd.

Skulen har utarbeidd eigen rutine for avdekking. I skulen si attendemelding går det fram at dette inneber m.a. kartlegging av mobbing, kontaktlærer sitt ansvar for rapportering til rektor, årleg undersøking av mobbing gjennom Elevundersøkinga (5. og 10. trinn), vidare at dette skal vere årleg tema i råd og utval og at dette skal vere synleggjort gjennom skulen sine vakt- og tilsynsordningar.

Skulen har laga ein eigen rutine for handtering. Det er med eit eige punkt om enkeltvedtak

der det vert vist til reglar og rutinar i samband med oppmoding frå foreldre og dersom tilsette ved skulen varslar.

Skulen har skriftleggjort rutinar for både det som gjeld avdekking av krenkjande ord og handlingar og korleis skulen skal handtere oppmoding frå foreldre og melding/mistanke frå dei tilsette ved skulen.

e) Syter for at dei tilsette har ei felles forståing av kvar terskelen går for å varsle/gripe inn etter § 9a-3 andre ledd.

Under dette punktet viser skulen til innhaldet i skulen sine rutinar for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet. Dokumentet viser til aktuelle oppgåver, når dette skal skje og kven som har ansvar. Det går fram at fleire av oppgåvene skal takast opp ved skulestart om hausten, t.d. godt psykososialt miljø, krenkjande åtferd, gripe inn og varsling, gjennomgang av planar, ordensreglement. I tillegg går det også fram at nokre oppgåver skal arbeidast med kontinuerleg, t.d. planar og tiltak i høve førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Aktuelle saker når det gjeld skulemiljøet vert teke opp i elevråd. Elles går det fram at ein vil følgje opp funn i Elevundersøkinga i råd og utval og at evaluering av skulen sitt førebyggjande og haldningsskapande arbeid skal skje i skulen sine råd og utval.

Det individuelt retta arbeidet ved skulen, § 9a-3 tredje ledd

Fylkesmannen sitt pålegg

a) Syter for at dei tilsette kjenner innhaldet i handlingsplikta.

Under dette påleggspunktet viser skulen til skulen sitt dokument om kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid og skulen sitt dokument om rutinar for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet.

I dokumenta er ikkje handlingsplikta uttrykt særskilt. Men med bakgrunn i oppgåver som står i skulen sitt dokument om rutinar for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet vil dette innehalde dei tilsette si handlingsplikt, t.d. ved drøfting av terskelen for å gripe inn og drøftinga av når skuleleiinga skal varslast. Det går også fram at tema skal drøftast jamleg på faste møte mellom rektor og kontaktlærar.

c) Syter for at dei tilsette undersøker, varslar og eventuelt grip inn i samsvar med skulen sine rutinar for dette.

Skulen skriv at ein gjennom internkontroll vil sikre at dei tilsette undersøker, varslar og eventuelt grip inn i samsvar med skulen sine rutinar som går fram av skulen sine dokument om avdekking og handtering.

Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

Fylkesmannen sitt pålegg

a) Syter for at det vert halde jamlege møte i lovpålagde råd og utval, særleg gjeld dette for skulemiljøutvalet.

I tilsynsrapporten går det fram at skulemiljøutvalet vart konstituert i september 2011. Tidlegare hadde ikkje oppretta skulemiljøutval (SMU), og skulen kunne såleis ikkje dokumentere jamlege møte i SMU.

Det går fram at det har vore møte i SU/SMU etter tilsynet. Skulen har også utarbeidd årshjul for råd og utval. For skuleåret 2011/2012 er det ført opp gjennomførte møtedatoar/saker, samt tidsplan i høve aktuelle framtidige saker som skal leggest fram for råd og utval på skulen.

b) Syter for at skulen har rutinar som sikrar at råd og utval vert haldne orienterte om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet etter opplæringslova § 9a-6 andre ledd

I tilsynsrapporten til Fylkesmannen går det fram at skulen ikkje kunne dokumentere rutinar for å sikre at råd og utval vert orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet.

Skulen viser til utarbeidd årshjul for råd og utval.

Det går fram at årshjulet at det etter tilsynet har vore møte i samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) der ein har tatt opp saker som er vesentlege for skulemiljøet.

c) Syter for at råda/utvala handsamar saker som gjeld skulemiljøarbeidet.

Skulen viser til at det er utarbeidd årshjul for råd og utval. Skulen skriv at saker som gjeld skulemiljøet vil bli spelt inn til råd og utval.

5. Fylkesmannen si vurdering etter oppfølgingstilsyn 2013

A) Førebyggjande arbeid ved skulen, § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd

På tidspunktet for tilsynet med Hornindal kommune hausten 2011 var gjeldande ordensreglement i skulen meir enn ni år gammalt (frå februar 2002). Straks etter tilsynet begynte skulen arbeidet med å utarbeide eit nytt ordensreglement.

Hornindal skule har dokumentert at forslag til nytt ordensreglement vart drøfta i elevråd, SU/SMU, FAU, gjennomgått med alle tilsette og lagt ut på heimesida for innspel. Dei innspela som kom inn vart det teke omsyn til. Forslaget vart behandla i utval for oppvekst og helse 27.02.2012 og tråtte i kraft same dag. Det nye ordensreglementet ble drøfta på trinnmøta og kontaktlærarane gjekk så gjennom reglementet i klassane. Ordensreglementet vart også lagt ut på skulen si heimeside.

Ordensreglementet har «uønskt og/eller ulovleg åtferd» som eiga kapittel. Det kjem fram i intervju at alle foreldra vart grundig informerte om og involverte i prosessen med ordensreglane gjennom FAU og heimesida. Elevrådet og skulemiljøutvalet kom med innspel i prosessen, men det kom likevel få innspel direkte frå foreldre.

Når det gjeld å evaluere og halde ved like planane/rutinane for det førebyggjande arbeidet, har skulen sendt inn sine rutinar og tiltak for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet. Dette er først og fremst nedfelt i *Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule*. Det kjem fram i tilsendt dokumentasjon at kvalitetssikringssystemet «Kvalitetslosen» ikkje er nytta i særleg grad. I tilsynsintervju kjem det fram at skulen nettopp har fått nødvendig opplæring i systemet og skal no ta det i bruk. Skuleleiinga reknar derfor med at det vil vere innarbeidd praksis i løpet av året.

Det kjem fram i *Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule* at skulen skal evaluere sitt haldningsskapande arbeid kvart år i personalet, elevråd, FAU og SMU. I intervju kjem det fram at skuleleiinga planlegg den første og fullstendige evalueringa først til våren.

Rektor skal ha samtalar med alle kontaktlærarane minimum to gonger i året, etter at dei har gjennomført sine obligatoriske elev- og foreldresamtalar. Samtalen skal dreie seg om kvar enkelt elev i klassen og avdekke om det er noko ein må gå vidare med. Skulen har begynt denne praksisen med kontaktsamtalar inneverande skuleår. Førre skuleår hadde rektor kontaktsamtale med nokre få utvalde kontaktlærarar. Fylkesmannen har merka seg at i alt sju fast tilsette lærarar (som utgjør drygt tretti prosent av kollegiet) var ute i permisjon og arbeidde på andre skular, fram til dette skuleåret.

Skulen har utarbeidd eigen skriftleg rutine for avdekking.¹ Avdekking kan vere at tilsette, elevar eller føresette melder frå om hendingar der nokon opplever krenkjande ord og handlingar. Ved mistanke eller kunnskap om at ein elev vert utsett for krenkjande ord og handlingar, skal tilsette nytte eige meldeskjema.² Føresette kan også nytte dette skjemaet. Dersom føresette kjem med ei munnleg bekymring, skal mottakar fylle ut meldeskjemaet. Gjennom intervju kjem det klårt fram at rutinen ikkje er implementert i heile organisasjonen. Det er stadfesta at rektor berre fekk ei oppmoding førre skuleår som resulterte i eitt enkeltvedtak (trass i at foreldra ikkje ønskte det). Men det kjem også fram i intervju at foreldre melder frå om elevens psykososiale miljø til kontaktlærar utan at leiinga vert varsla eller at det er fatta enkeltvedtak i tråd med rutinen. Vidare vert det uttalt at personalet på skulen ikkje har diskutert felles terskel for varsling til skuleleiinga sjølv om tema har vore oppe på trinnmøte. Gjennom intervju vert det hevda at medan terskelen for å ha kontakt med foreldre er låg, er terskelen for å melde vidare til rektor høg. Mykje kan tyde på at meldeskjema i praksis ikkje er i bruk slik rutinen for avdekking føreskriv.

Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule vart utarbeidd etter førre tilsyn og tok til å gjelde skuleåret 2011-2012. Skuleleiinga kommenterer i intervju at planen er sendt ut til alle råd og utval og snakka om i kollegiet, men at det tar tid å få planen «under huden». I intervju med tilsette kjem det også fram at innhaldet i planen er relativt dårleg kjent, trass i at førebyggjande arbeid og kapittel 9a igjen var tema på felles personalmøte i starten på skuleåret 2012-2013. I intervju vart det sagt at personalmøtet òg hadde *meldeplikta til barnevernet* på dagsorden, og det vart liten tid til å drøfte planen for det psykososiale miljøet.

Konklusjon:

Fylkesmannen finn at skulen sin praksis ikkje er i samsvar med lovkrava, jf. opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

B) Det individuelt retta arbeidet ved skulen, § 9a-3 tredje ledd

Plan for å sikre eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule siterer frå opplæringslova § 9a-3 andre ledd, jf. kapittel 2 Avdekking. Her er handlingsplikta òg omtalt særskilt som kulepunkt i teksten og kva for rutinar som gjeld. Det vart opplyst i intervju at kapittel 9a og handlingsplikta har vore tatt opp på felles personalmøte dette skuleåret. Men det vart òg stadfesta at reinhaldspersonalet og vaktmeister ikkje deltek på slike personalmøter og heller ikkje på andre måtar har fått informasjon om den lovpålagde handlingsplikt etter opplæringslova.

Det kjem fram i intervju at personalet på skulen i liten grad har ei felles forståing for når dei skal gripe direkte inn overfor krenkjande ord og handlingar. Dei tilsette gjev også uttrykk for at

¹ *Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule.*

² *Meldeskjema om bekymring for eleven sitt psykososiale skulemiljø.*

praktisering av handlingsplikta er ei utfordring. Når det gjeld det individretta arbeidet, kjem det også fram at inspeksjonsrutinane har forbettringspotensial dersom personalet i større grad skal fange opp tilfelle av krenkjande åtferd. Det kjem fram i intervju at rutinane for inspeksjon ikkje har vore evaluerte og det vart peika på at skulen treng fellesmøte der saker som vedkjem det psykososiale miljøet kan drøftast.

Fylkesmannen drøfta funn og førebelse konklusjonar etter tilsynet i møte med Hornindal kommune 16. april 2013 og fekk tilbakemelding på førebels tilsynsrapport i brev datert 22. april 2013. Kommunen dokumenterer i tilbakemeldinga at skulen har gjennomført eige personalmøte med vaktmeister, reinhaldarar og kontorpersonell om korleis sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule. Skulens plan på området vart gjennomgått i møte, med særleg vekt på handlingsplikta. Fylkesmannen finn derfor at tilsynets tidlegare konklusjonar og pålegg på desse forholda fell bort.

Konklusjon:

Fylkesmannen finn at skulen sin praksis er i samsvar med lovkrava, jf. opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.

C) Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

Ved kvar grunnskule skal det vere oppretta elevråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval som har jamlege møte. Desse tre, ulike organa for brukarmedverknad er lovpålagte gjennom kapittel 11 i opplæringslova. Lova regulerer også funksjon og krav til samansetning.

Trass i at skulemiljøutval (SMU) vart lovpålagt i 2005, oppretta ikkje Hornindal skule dette utvalet før hausten 2011. Under Fylkesmannen sitt tilsyn i oktober same året kunne skulen såleis ikkje dokumentere jamlege møte i SMU og fekk pålegg om dette i tilsynsrapporten.

I utgreiinga³ frå Hornindal kommune til Fylkesmannen i samband med dette oppfølgingstilsynet står det at samarbeidsutvalet (SU) og SMU på Hornindal skule no er slått saman til «SSMU». Dette vert stadfesta i intervju det vert vidare opplyst at brukarane har fleirtal med ein person i utvalet. Denne nye konstruksjonen vart grunngjeve med at det var dei same folka i begge utvala og at medlemmane meinte det vart for mange møter.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er lovleg grunnlag for eit fusjonert «SSMU-utval» slik som Hornindal skule her har innført. Opplæringslova § 11-1a, andre ledd, seier at samarbeidsutvalet også kan fungere som skulemiljøutval men må då supplerast med ekstra representantar, slik at elevane og foreldra til saman er i fleirtal. Men lova opnar ikkje for at skulemiljøutvalet kan erstatte samarbeidsutvalet, eller vice versa. Dette er to sjølvstendige utval med ulik funksjon, oppgåver og samansetjing. I ein «forenkla modell» må det i sakliste, referat og representasjon vere tydeleg når samarbeidsutvalet har møte som skulemiljøutval. Fylkesmannen viser til Utdanningsdirektoratet sin aktuelle og informative rettleiar til medlemmene av skulemiljøutval, utgitt i desember 2011.

I samband med oppfølgingstilsynet fekk Fylkesmannen dokumentet *Årshjul 2012-2013*, dvs. «årshjul for samhandling mellom dei ulike aktørane i skulen.» Årshjulet gir ei oversikt over tentative møter i elevråd, FAU, «SSMU» og to dialogmøte, men for mange av kolonnane manglar det utfylling for t.d. sak eller innhald etter oktober månad 2012. Elles går det fram av referat frå møte i SU og

³ Brev 15.02.2013: *Dokumentasjon. Hornindal skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.*

SMU, seinare «SSMU» for skuleåret 2011-2012 og 2012-2013 at utvala har drøfta saker som er vesentlege for skulemiljøet.

Planen for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø omtalar rutinar for kontinuerleg og systematisk arbeid med skulemiljøet. Det skal t.d. kvar vår vere gjennomgang av Elevundersøkinga i personalet, elevråd, FAU og SMU. Det er stadfesta gjennom intervju at resultatane frå Elevundersøkinga ikkje har vore drøfta slik rutinen føreskriv og trass i at den siste undersøkinga viser negativ utvikling av mobbetilfelle ved skulen.

Fylkesmannen drøfta funn og førebelse konklusjonar etter tilsynet i møte med Hornindal kommune 16. april 2013 og fekk tilbakemelding på førebels tilsynsrapport i brev datert 22. april 2013. Kommunen dokumenterer i tilbakemeldinga gjennom separate møtereferat frå samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 15. april at skulen no har oppretta lovpålagte utval med representasjon i samsvar med opplæringslova. Fylkesmannen sine tidlegare konklusjonar og pålegg på desse forholda fell derfor bort.

Konklusjon:

Fylkesmannen finn at skulen sin praksis er i samsvar med lovkrava, jf. opplæringslova §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

6. Varsel om pålegg om endring

Med heimel i opplæringslova § 14-1, jf. kommunelova § 60d, og som følgje av det som står under kapittel 5, gir Fylkesmannen slikt pålegg:

Hornindal kommune skal sjå til at Hornindal skule innarbeider rutineane i *Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø* i sitt arbeid.

7. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

For Fylkesmannen sitt tilsyn etter opplæringslova § 14-1, gjeld reglane i kommunelova kapittel 10A. Kommunelova § 60d seier:

«Fylkesmannen kan gi pålegg til kommunen eller fylkeskommunen om å rette forhold som er i strid med de bestemmelser fylkesmannen fører tilsyn med etter § 60 b.

Før pålegg benyttes, skal kommunen eller fylkeskommunen gis en rimelig frist til å rette forholdet.

Før fylkesmannen eller annen statlig tilsynsetat vedtar pålegg eller andre sanksjoner mot en kommune eller en fylkeskommune skal tilsynsetaten vurdere de virkninger disse kan ha for kommunens eller fylkeskommunens øvrige virksomhet.»

Tiltak for å rette lovbrota skal setjast i verk med det same.

Hornindal kommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta. Erklæringa skal understøttast med dokumentasjon på at det er utarbeidd tiltak i samsvar med pålegga.

Denne erklæringa og dokumentasjonen skal setje Fylkesmannen i stand til å vurdere om tilsynsobjektet har korrigert dei lovbrota som er avdekkja. Fylkesmannen må deretter vurdere om og i kva grad erklæringa og dokumentasjonen skal følgjast opp vidare.

Frist for innsending av slik erklæring er 31.10.2013.

8. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, den 24. mai 2013.

Helge Pedersen

Frans Jacob Krebs

Anne Marte Sæle

Lill Mona Solberg

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuja
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon

	Dokumentasjon frå Hornindal kommune	
1	Dokumentasjon. Hornindal skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	15.02.13
2	Den gode skuleeigar, oppsummering etter 10 møter	11.02.13
3	Sakspapir Utval for Oppvekst og Helse 29.01.2013	
	Dokumentasjon frå Hornindal skule	
4	Innkalling møte i skulemiljøutvalet 16. april 2012	11.04.12
5	Innkalling møte i skulemiljøutvalet 19. januar 2012	10.01.12
6	Innkalling møte i samarbeidsutvalet 16. april 2012	11.04.12
7	Innkalling møte i samarbeidsutvalet 19. januar 2012	10.01.12
8	Innkalling møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet 6. februar 2013	01.02.13
9	Temamøte for politikarar, lærarar, skuleleiing og FAU i Kaféen i Hondalshallen 1. november	
10	Innkalling møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet 25. oktober 2012	07.09.12
11	Innkalling møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet 11. september 2012	07.09.12
12	Referat frå elevrådsmøte ungdomstrinnet 28. august 2012	
13	Referat frå elevrådsmøte ungdomstrinnet 5. oktober 2012	
14	Referat frå elevrådsmøte mellomtrinnet 28. august 2012	
15	Referat frå elevrådsmøte mellomtrinnet 5. oktober 2012	
16	Innkalling møte i Plangruppa 11.01.2012	
17	Innkalling møte i Plangruppa 25.01.2012	
18	Innkalling møte i plangruppa 08.02.2012	
19	Innkalling møte i plangruppa 07.03.2012	
20	Innkalling møte i plangruppa 21.03.2012	
21	Innkalling møte i plangruppa 25.04.2012	
22	Innkalling møte i plangruppa 23.05.2012	
23	Innkalling møte i plangruppa 04.09.2012	
24	Innkalling møte i plangruppa 05.10.2012	
25	Innkalling møte i plangruppa 15.11.2012	
26	Innkalling Fellesmøte 16. januar 2012	
27	Innkalling Fellesmøte 27. august 2012	
28	Innkalling Fellesmøte 10. september 2012	
29	Innkalling Fellesmøte 24. september 2012	
30	Velkommen til planleggingsdag skuleåret 2012-13	
31	Personalmøte 7. februar	
	Dokumentasjon levert under tilsynet	
32	Årshjul 2012-2013 for samhandling mellom dei ulike aktørane i skulen	
33	Referat møte i SU/SMU 19. januar 2012	23.01.12
34	Referat møte SSMU 11. september 2012	13.09.12
35	Referat SSMU-møte 25.10.12	30.10.12
36	Referat SSMU-møte 06.02.13	11.02.13
	Dokumentasjon sendt inn 22. april 2013	
37	Innkalling og møtereferat: Korleis sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Hornindal skule. Personalmøte for vaktmeister, reinhaldarar og kontorpersonell	09.04.13
38	Innkalling og møtereferat samarbeidsutvalet	15.04.13
39	Innkalling og møtereferat skulemiljøutvalet	15.04.13

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Inter- vju	Slutt- møte
Ann Kristin Langeland	Rådmann			X
Ola Bolstad	Kommunalsjef oppvekst og kultur		X	X
Gro Mikalsen Hundeide	Rektor	X	X	X
Martha Stensvand	Undervisningsinspektør	X		X
Lars Helge Hopland	Elevrådskontaktlærer	X	X	
Arne Nordnes	Kontaktlærer 5.klasse	X	X	
Reidar Lillestøl	Kontaktlærer 7.klasse	X	X	
Heidun Kittelsen Haugen	Kontaktlærer 9.klasse	X	X	
Astrid Johanne Gausemel	Assistent		X	
Anne-Lovise Kirkhorn	Assistent	X	X	
Randi Langlo	Assistent/verneombod	X	X	X

Det er i tillegg gjennomført separate samtalar med representantar for elevar og foreldre.

Vedlegg 3 Rettslege krav

1 Det førebyggjande arbeidet

§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllest.

Skulen blir i § 9a-4 pålagt å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutineane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutineane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova⁴ er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere

⁴ Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedd.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagd gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei

vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "*snarast mogleg*", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "*innan rimeleg tid*", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvalga skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

SM 03-14

Sakshandsamar: Lill Mona Solberg
Telefon: 57643105
E-post: fmsflms@fylkesmannen.no

Vår dato
27.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/97 - 632.1
Dykkar referanse

Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

Hornindal kommune - avslutting av tilsyn

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.10.2013 der de melder tilbake korleis de har retta opp pålegg i tilsynsrapport datert 24.05.2013.

Pålegget om endring var formulert slik:

Hornindal kommune skal sjå til at Hornindal skule innarbeider rutinane i «Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø» i sitt arbeid.

Kommunen har mellom anna sett i verk følgjande tiltak:

- Vidare opplæring i bruk av Kvalitetslosen. Personalet er oppfordra til å bruke systemet ved avvik.
- Rektor ved Hornindal skule har gjennomført samtalar med alle kontaktlærarane i veke 46 og 47.
- Rektor har informert om rutinar for bruk av meldeskjema for oppmoding om tiltak. Det er informert både i lærarkollegiet, på klasseforeldremøte og i FAU-møte.
- For å sikre ein felles terskel for varsling til leiinga har det på personalmøte i august 2013 vore gjennomgang av klassereglar, ordensreglar og konsekvensar, samtale om felles forståing av krenkjande åtferd og vurderingskriterier i orden og åtferd.
- Det er gjennomført dialogmøte mellom politisk- og administrativt nivå og skulen 4. juni 2013. Føremålet med dette årlege møtet er at skulen skal presentere resultat av eigen vurdering av arbeidet gjennom året. Møteforma byggjer på prinsippa i kvalitetssystemet *Kvalitet i Nordfjord*.
- Det er vektlagt ein felles prosess ved utarbeiding og behandling av den årlege tilstandsrapporten. Resultat frå elevundersøkinga våren 2013 var hovudsak då rapporten vart behandla i utval for oppvekst og helse 22. oktober 2013.
- Det er laga eit årshjul for skulane sine aktivitetar knytt til kapittel 9a i opplæringslova.
- Alle lærarar og leiinga ved skule tek vidareutdanning i klasseleiing og vurdering for læring skuleåret 2013-2014.
- Det er sett opp ein plan for arbeidet i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet, og det er dokumentert at det er gjennomført møte i dei to utvala 26. september 2013. Skulen har tidlegare hatt ein praksis for å fusjonere dei to utvala i eit felles utval (SSMU) og har no lagt vekt på å informere om skilnaden i utvala sine oppgåver og saker. Fylkesmannen merkar seg at med unnatak av informasjon om budsjett og uttale om mobilbruk i skulen ser det ut til at utvala handsamar dei same sakene, og møta er gjennomført til same tidspunkt, dvs. 26. september 1700-1800, møterom Hallen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- Det er planlagt eit felles inspirasjonsmøte om oppvekstmiljø mellom skule, barnehage, helse og frivillige organisasjonar i kommunen. Sjumilssteget sin komité er aktivt med.
- Det er planlagt skulevandring frå våren 2014, og kommunen har hospiteringsavtale med Førde kommune.

Fylkesmannen sin konklusjon

Kommunen og skulen har sett i verk ei rekkje systemtiltak for å sikre at skulen sin praksis er i samsvar med lovkrava i opplæringslova § 9a-4, jj. § 9a-3 første ledd.

Tiltaka er i hovudsak sett i verk hausten 2013 og det er difor ikkje mogleg fullt ut å kontrollere effekten før det enno har gått ei tid. Fylkesmannen ønskjer difor å følge opp kommunen om ca. eitt år, det vil seie våren 2015. Vi kjem attende med nærare detaljar for oppfølginga.

Utover det som går fram ovanfor har Fylkesmannen ikkje fleire kommentarar. Tilsynet er med dette avslutta.

Med helsing

Åslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Lill Mona Solberg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til
Hornindal skule

6761 HORNINDAL

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat

Dato: 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Hornindal	23.01.2014	03/14	Ja

Saksvedlegg:

Forslag til møteplan.

Møteplan 1. halvår 2014 – Hornindal kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Møteplan for kontrollutvalet i Hornindal for 2014 vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Hornindal for 2014.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal heldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL KOMMUNE 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	23			2	26				30			
FORMANSKAP		3	31	2								
KOMMUNESTYRE		13		10		12						



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for Oppvekst og Helse	19.11.2013	053/13	AKLA
Utval for utvikling	20.11.2013	079/13	AKLA
Formannskapet	27.11.2013	051/13	AKLA
Kommunestyret	12.12.2013	091/13	AKLA

Saksansvarleg: Ann Kristin Langeland	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 13/734 - 1
---	-------------------------------------	-----------------------------------

Møteplan 1. halvår 2014

Sakstilfang / Lover / Plandokument

Saka gjeld

Det skal fastsetjast møteplan for 1. halvår 2014

Drøfting

Det vert lagt opp til 3 møter i kommunestyret 1. halvår 2014. Vidare er formannskap og utvala sine møter planlagt slik at ein kan ha tre-trins behandling av sakene. Møteplanen har teke omsyn til vinterferien som er i veke 8.

	Utval for oppvekst og helse	Utval for utvikling	Formannskap	Kommunestyre
	Tysdagar kl. 14.00	Onsdagar kl. 14.00	Måndagar kl. 14.00	Torsdagar kl. 15.00
Januar	28.01	29.01		
Februar			03.02	13.02
Mars	25.03	26.03	31.03	
April				10.04
Mai	27.05	28.05		
Juni			02.06	12.06

Framlegg til vedtak:

Møteplan for 1. halvår 2014 vert vedteken.

004/13 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	10.02.2014	004/14	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

-

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øyrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Hornindal kommunestyre

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Hornindal kommune har i år 2013 vore samansett slik:

Ola Are Ytrehorn
Siv Kristensen
Kjetil Grodås

Varamedlemer:

Elsa Eilertsen Raftevold
Rolf Jostein Taraldset
Robert Grodås
Øyvind Seljeset

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Hornindal hatt fem møte der det er handsama i alt 24 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2012 forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksutgreiing og avgjerslemynde». Etter innspel frå kommunerevisjonen vart tinginga vurdert på nytt. Kontrollutvalet valde å avbryte arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksutgreiing og avgjerslemynde». I staden tinga kontrollutvalet forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehald av bygningar» frå kommunerevisjonen i Nordfjord.

Kontrollutvalet følgde i 2013 opp kommunestyret sine merknader til «Forvaltningsrevisjonsrapporten 2011-vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet i Hornindal kommune». Kontrollutvalet har bede rådmannen om å gi ei skriftleg tilbakemelding på avvika i rapporten. Tilbakemeldinga vert handsama i kontrollutvalet i 2014.

Kontrollutvalet har teke opp saker og fått orientering frå administrasjonen om følgjande saker i løpet av 2013:

- Investeringsprosjekt generelt.
- Investeringsprosjekta «Parkeringsplass i sentrum» og Otterdalselva».

Det vart lagt fram diverse avslutta prosjektrekneskap for kontrollutvalet. Desse vart handsama og sendt til kommunestyret til orientering.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2014. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama «Årsrekneskapen 2012 for Hornindal kommune», «Vurdering oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap», «Møteplan for 2013» og «Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet».

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Hornindal den 10 februar 2014

*Ola Are Ytrehorn
Leiar*

Kjetil Grodås

Siv Kristensen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/14 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.02.2014	005/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 05.03.12

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Hornindal kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 06.01.2014 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Hornindal kommune, har i brev datert 06.01.2014 gjeve ei skriftleg egenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Hornindal kommune.

I 47/14

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

ERKLÆRING

Dato:
6.01.2014

Vår ref.:
RPD 2014/ÅM14.1.2

HORNINDAL

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Kopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilstetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjever eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.


Org.nr:	Kommune:	Adresse:	Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane
	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal
	SELJE		6740 Selje
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy
E-postadresse: revisor@stryn.kommune.no			57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter. Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune. Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune. Eg har elles ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	<i>Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvar ein skild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

06/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	10.02.2014	006/14 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2014 Hornindal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2014 Hornindal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 - HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajournført oppfølgingsliste pr. 04.02. 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1- 2014 - Hornindal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11	Oppfølging	24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til kst. 03.05.12 Vedtak kst sak 138/12.
05/12 Orientering – Investeringsprosjekt.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune Sjå sak 011/12.07/13 og 014/13.
11/12 Orientering investeringsprosjekt.	25.05.12		- 25.05.12 - <i>Prosjekt 4056, 4007, 4005 som gjeld parkering i sentrum vi bli prioritert av administrasjonen. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar.</i> - <i>4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra. Administrasjonen vil ta kontakt med den enkelte grunneigar og kalle disse inn til eit møte.</i> Vedtak KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande og kontrollutvalet vil kalle inn administrasjonen på første møtet i 2013.
026/12 Praktisering av retningslinjer om å gje dagmulkt.	01.10.12		01.10.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å utarbeide rutinar om korleis ein skal praktisere bruk av dagmulkt ved kontraktsskriving. -Kontrollutvalet følgjer opp saka og ber om tilbakemelding om kva som vert gjort. 04.11.12 Brev sendt til Hornindal kommune.
003/13 Forvaltningsrevisjon – «Saksutgreiing og avgjerdsmynde» - avklaring.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU- - Kontrollutvalet avbryt arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde. - Kontrollutvalet vel i staden prosjektet ”System for vedlikehald av bygningar”.

			Sekretariatet utformar tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.
015/13 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt "System for vedlikehald av bygningar".	28.05.13		28.05.13edtak i KU: - Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "System for vedlikehald av bygningar" vert godkjent. Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.
016/13 Oppfølgingsliste 3-2013.	28.05.13		- 28.05.13 Vedtak i KU: Det vert teke opp sak om oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapport etter forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet". - Det vert purra på sak 026/12 Praktisering av retningsliner om å gje dagmulkt. - Elles vert oppfølgingsliste 2-2012 teken til vitande.
018/13 Godkjenning innkalling og sakliste	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Det var ingen merknad
019/13 Skriv og meldingar	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Teken til vitande
020/14 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport Hornindal kommune – Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet.	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: 03.09.13 Vedtak KU: Administrasjonen vil innan 31.12.2013 gi ei skriftleg tibakemelding på avvika i rapporten "Forvaltningsrevisjonsrapport 2011 - vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune" Kontrollutvalet tek ellers rådmann sin orientering til vitande.
021/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune – Prosjektplan.	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune» vert godkjent, med endring i leverings tidspunkt som vil vere februar 2014.
022/14 Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet.	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval". 11600: Skyss- og diettgodtgjersle Kr 3.000,- 108??: Godtgjersle folkevalde Kr. 33.000,- 10990: Arbeidsgjevaravgift Kr 3.500,- 11500: Opplæring/kurs/seminar Kr. 0,- 11959: Kontingentar Kr. 3.300,- <u>Drift av kontrollutvalet</u> <u>Kr. 42.800,-</u> Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.
023/14 Oppfølgingsliste 3-2013 - Hornindal	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Oppfølgingsliste 3-2013 Hornindal vert teken til vitande.
024/14 Eventuelt	03.09.13		03.09.13 Vedtak KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
Oppdatert 04.02.2014			-

07/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.02.2014	07/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.